

Referat frå elevrådsmøte 09.09.19

Til stades: Karoline, Lisa, Miriam, Marius, Karlis, Theodor, Aleksander, Gunn Iren og Erik

Sak 1/19: Val av elevrådsformann

Marius er elevrådsformann. Miriam er sekretær.

Sak 2/19: Ønskje om leikeapparat

5. klasse: Alternativ 1

6. klasse: Alternativ 2

7. klasse: Alternativ 2

9. og 10. klasse: Alternativ 2

Elevrådet ønskjer alternativ 2.

Sak 3/19: Fotballar

Anita kom med tre berekraftsmål-fotballar som skal fordelast. Elevrådet bestemmer at kvart trinn skal få kvar sin ball.

Sak 4/19: Saker frå elevane

- Ungdomsskulen melder om dårleg nett i klasserommet. Åse-Berit seier det er dårlig batteri i nokre sendarar, men Magne arbeider med saka.
- Ungdomsskulen ønskjer førsterett på dei nye leikestativa når dei kjem, slik småskulen fekk då det kom nye sist. Tek det tilbake til klassa og høyrer.
- Forslag om leksefri skule - ein prøveperiode. Åse-Berit fortel at forslaget har vore oppe før og at det er diskutert av lærarane. Elevane skal få lekser som er kjende for dei, slik at lekser er repetisjon for å læra noko skikkeleg godt (automatisera). Det er både arbeidstime på skule og tilbod om lekselesing om dei treng hjelp.
- Det er ikkje så greitt med skulejogg rett før arbeidstimen. Dette skal bli tatt opp i klasseråda.
- Det trengs nye sykkelstativ. Nokre er øydelagde.
- Kan mellomtrinnet og ungdomsskulen vera i gymsalen før skulen og i første friminutt på onsdagar når ikkje småskulen er på skulen? Det går vidare til lærarane.
- Prøveordning: Kan 7. klasse vera inne på morgonen?
- For mykje ballspel i gymtimane. Veldig mykje basketball, handball og fotball. 7. klasse ønskjer meir variasjon.
- Teknisk klubb/dataklubb i friminutta. Læra å programmera. Til dømes møte eit friminutt i veka.
- Ønskje om LAN-party.

Gunn Iren (ref.)